



Møteprotokoll

Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Formannskapssalen, rådhuset
Dato:	15.06.2026
Tid:	kl 15:30 - 18:15

Faste medlemmer som møtte:

Namn:	Funksjon:	Representerer:
Olav Harald Ulstein	Ordførar	FRP
Jarle Strømmegjerde	Varaordførar	H
Birgitte S. Bonesmo	Medlem	H
Torill Velle	Medlem	H
Clara Aarseth-Strømmegjerde	Medlem	AP
Hans Petter Brunstad Sørensen	Medlem	AP
Anita Bente Kjersheim	Medlem	SP
Ole Kjell Eidem	Medlem	SP

Forfall:	Parti	Varamedlem	Parti
Arve Ekornes	FRP	Frank Kjøde	FRP

Andre som møtte:

Torbjørn Emblem	kommunedirektør
Henning Leiv Pilskog	kommunalsjef helse
John Henrik Welle	økonomisjef
Odd Jostein Drotninghaug	kommunalsjef samfunn
Torill Skjeret	møtesekretær

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
PS-45/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS-46/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-47/26	Referatsaker
RS-12/26	Attvin - arbeidsutval - Tilbakemelding til kommunestyret
RS-13/26	Informasjon om status innan helseområde - tenester og bygg pr mai 2026
RS-14/26	Heilskapeleg styring i Sykkylven kommune - informasjon årshjul mv
PS-48/26	Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og Sykkylven kommune
PS-49/26	Forskrift om politivedtekt for Sykkylven - forslag om mindre endring
PS-50/26	Offentleg regulert parkering ved torgområdet
PS-51/26	Budsjettrevisjon 1-2026
PS-52/26	Eigedomsskatt energianlegg - avklaringar og vurderingar
PS-53/26	Plan for budsjettprosessen - Budsjett og økonomiplan 2027-2030
PS-54/26	Krav om opning av vilkårsrevisjon for regulering av Nysætervatnet i Fausavassdraget

45/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

15.06.2026 Formannskapet

Behandling

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

FSK - 45/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre.

46/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

15.06.2026 Formannskapet

Behandling

Det var ingen merknader til protokollen.

FSK - 46/26 Vedtak:

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

47/26 Referatsaker

15.06.2026 Formannskapet

Behandling

FSK - 47/26 Vedtak:

Referatsaker vert tatt til vitende.

12/26 Attvin - arbeidsutval - Tilbakemelding til kommunestyret

15.06.2026 Formannskapet

Behandling

Ordføraren orienterte.

13/26 Informasjon om status innan helseområde - tenester og bygg pr mai 2026

15.06.2026 Formannskapet

Behandling

Kommunalsjef helse Henning Pilskog orienterte og svarte på spørsmål.

14/26 Heilskapeleg styring i Sykkylven kommune - informasjon årshjul mv

15.06.2026 Formannskapet

Behandling

Kvalitetsrådgevar Birte Enstad orienterte.

48/26 Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og Sykkylven kommune

15.06.2026 Formannskapet

Behandling

Formannskapet tilrår samrøystes: Som tilrådinga frå levekårsutvalet.

FSK - 48/26 Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Sykkylven kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefellesskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikkisjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026.

49/26 Forskrift om politivedtekt for Sykkylven - forslag om mindre endring

15.06.2026 Formannskapet

Behandling

Formannskapet tilrår samrøystes: Som kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FSK - 49/26 Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Sykkylven kommunestyre vedtek slik endring i Forskrift om politivedtekt, FOR 2019-03-28-405:

Nytt 3.ledd under § 2-1: Politiet kan etter søknad innvilge dispensasjon frå kravet til nattero for ei bestemt anledning i ei avgrensa periode. Det kan settast vilkår for eit slikt løyve. Søknad skal sendast til politiet innan ein frist fastsett av politiet. I søknaden skal det dokumenterast korleis berørte naboar er kontakta, og at desse har fått høve til å uttale seg innan ein gitt frist.

Tidlegare 3. ledd vert nytt 4.ledd.

Vedtaket vert å sende over til politidirektoratet for stadfesting og kunngjering.

50/26 Offentleg regulert parkering ved torgområdet

15.06.2026 Formannskapet

Behandling

Samrøystes vedtak: Som nærings- og utviklingsutvalet si tilråding.

FSK - 50/26 Vedtak:

På bakgrunn av tydeleg uttale frå Statsforvaltar, og økonomiske vurderingar, går ikkje Sykkylven kommune vidare for å få til ein avtale med grunneigar om overtaking av området ved torget.

Skulle grunneigar kome til kommunen med interesse for sal, vil kommunen vurdere dette på nytt. Også om det skulle oppstå ein situasjon der det vert krevd parkeringsavgift for sentrale parkeringsareal.

51/26 Budsjettrevisjon 1-2026

15.06.2026 Formannskapet

Behandling

Formannskapet tilrår samrøystes: Som kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FSK - 51/26 Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Sykkylven kommunestyre vedtek budsjettrevisjon 1-2026 slik det kjem fram av tabelloppstillingane vedlagt saka.

52/26 Eigedomsskatt energianlegg - avklaringar og vurderingar

15.06.2026 Formannskapet

Behandling

Anita Kjersheim tok opp spørsmål om habilitet som medeigar i Brunstad kraft. Formannskapet vurderte henne som ikkje inhabil i denne saka. Avgjerda var samrøystes.

Formannskapet tilrår samrøystes: Som kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FSK - 52/26 Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Sykkylven kommunestyre tek avklaringa og vurderingane rundt eventuell eigedomsskatt på energi og kraft/nett anlegg til vitande.

53/26 Plan for budsjettprosessen - Budsjett og økonomiplan 2027-2030

15.06.2026 Formannskapet

Behandling

Formannskapet tilrår samrøystes: Som kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FSK - 53/26 Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Plan for budsjettprosessen for Budsjett og økonomiplan 2027-2030 vert teke til vitande.

54/26 Krav om opning av vilkårsrevisjon for regulering av Nysætervatnet i Fausavassdraget

15.06.2026 Formannskapet

Behandling

Formannskapet tilrår samrøystes: Som kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FSK - 54/26 Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Sykkylven kommune fremjar krav til Noregs vassdrags- og energidirektorat om opning av vilkårsrevisjon for reguleringa av Nysætervatnet i Fausavassdraget.
2. Kravet skal byggje på at gjeldande konsesjonsvilkår er gamle, og at nedtappinga våren 2026 viser at dagens manøvrering kan gi vesentlege verknader for vassmiljø, fisk, landskap, friluftsliv, tryggleik, beitedyr, landbruk og andre allmenne interesser.
3. Kommunestyret godkjenner hovudinnhaldet i vedlagde kravbrev som grunnlag for innsending til NVE.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre redaksjonelle og faglege justeringar i kravbrevet før innsending.